

## Eit trekløver frå Naustdal.

Av A. Egge.

Eit gamalt ord segjer: «Ingen er lasta før han skal gifta seg, og ingen er rost før han er daud.» Det kan vera mykje sant i det, og det er saktens ein fin og god skikk, at ein segjer eller skriv nokre gode ord om dei som er avlidne. Men eg tykkjer det er i seinaste laget. — Endå eit gamalt ord segjer: Gjev meg ein blom medan eg lever. — Det vil truleg òg vera på sin plass. Eg kunne ha hug til å skriva nokre ord om mange gjevne sunnfjordingar og møtte i Amerika i fjor, men alle kan eg ikkje ta med ein gong. Då dei segjer at «alle gode ting er tre», så har eg valt ut tre denne gongen.

### WILHELM BAKKE

18 år gamal for han til Amerika frå Naustdal i 1924. Arbeidde både i U.S.A. og Canada i prerieprovinssane, men drog så til Wash., der han m.a. arbeidde i skogane. — Heime hadde han gått 6 år på folkeskule og ein vinter på framhaldsskule. I U.S.A. er folkeskulen 8 år, og så «Highschool» 4 år (svarar omlag til gymnas her). Gode evner hadde han og stor hug til å læra. Med det engelske han hadde lært seg, starta han i det 10de skuleåret. Hoppa over det 11te, og tok såleis «Highschool» på to år. Det tyder på at skulen i Norge hadde gjeve han eit godt grunnlag. — Så til college. Arbeidde samstundes, dels som finsnikkar på

ein møbelfabrikk, dels med treskjerjing. 40 til 50 timar arbeid for veka, utan om skulen. På 4 år vart han ferdig. Tok «Bachelor Degree with Honor», vart lærar ved Highschool. Gjekk to somrar ved Universitetet i Seattle. Så til Oregon State College. Fekk der «Master of Science». Vart bydd post som instruktør der, men kom attende til Tacoma som lærar ved «Stadium Highschool», der han før hadde vore elev. Var ei tid lærar ved «Puget Sound College».

Under krigen var han i 4 år instruktør ved heren og etter krigen to somrar instruktør ved Central Was. College og vart i 1948 sett til «Assistent professor» der.

Ein kan mest segja at han s k a r seg fram til universitetseksamen med tollekniven. Han hadde fleire hobbyar. Dreiv med kunstmåling og teikning og fekk både 1. og 2. premi for målarstykkje. Han driv også som kunstsmed og har smidd sers framifrå fine beslag til 12 dører i Domkyrkja i Spokane.

Han er utnemnd som «Master of Craftsman» frå Chapter, American Institut of Architects. — I dei siste åra har han med eigne hender bygd seg eit framifrå hus. Han og kona har planlagt det, og alt er originalt og praktisk. — Han likar målet og elsker Norge, som han lengtar til og aldri gløymer. — Sonen Bjørn er reint ein meister i mekanikk, men berre 17 år og driv hardt med skulen.

Wilhelm Bakke.

Teikning av Ole Sunde.



Teikning av Ole Sunde.

Kolbjørn Skaflestad.



KOLBJØRN SKAFLESTAD

Han kom til Tacoma i 1923 frå Naustdal. Var då 18 år gamal. Farbrotren, Abraham Skaflestad, sytte han og syskinbarnet hans, Olav Mathiasson Skaflestad, arbeid i ein skogscamp. Dette arbeidet var nok så ustabil. Dei laut gå ledige rett ofte, og då gjekk dei utatt dei dollar dei hadde spara. Kolbjørn såg ikkje då noko anna å ta seg til med. Han dreiv skogsarbeidet til i september 1927. Då kjøpte han seg ein drosjebil og tok til å skyssa. Han var erleg, grei og uthaldande. Då namnet var noko tungvint for den engelske tunge, korta han det inn. Dei har ikkje ø i det engelske alfabet. Så kalla han seg kort og godt Kole eller Cole. Far hans heitte Andreas Oliverson Skaflestad. Så tok han Olivernamnet og det vart då: Cole Oliver. «Businessen» vart då «Oliver Taxi», og det slo godt an. Verksemda gjekk stendig fram. Det vart fleire drosjer og mange leigde sjåførar. No er det den største verksemda i den bransjen i heile Tacoma. Han eig no 21 taxi-drosjer, 7 bussar, 3 ambulansjebilar og 1 bagasjebil. Dertil har han eigen verkstad for reparasjonar og har 75 til 80 mann i arbeid. — Godt gjort av ein bondegut frå Naustdal med to tome hender å koma så langt.

Kolbjørn er ein sers grei kar, venesæl og omtykt. Han er nestformann i det nye Sunnfjordlaget på Vestkysten. Ein ivrig jeger og fiskar, eit friluftsmenneske.

For nokre år sidan var han heime. Vonleg tek han seg snart ein tur att. Han er til heider for si slekt, si heimbygd og sitt gamle og sitt nye land.

Ole Sunde.

Sjølvpportrett.



OLE SUNDE

Fødd 28/11 1883 på Sunde i Naustdal S. Drog 18 år gamal til U.S. Fekk arbeid i dei store skogane nær Tacoma, Wash. Var med i idrottslag og var ein framifrå turnar. Så vart han sjuk. Tolde ikkje tungarbeid nokre år. Då lærde han seg vidare i å teikna, tok til å lage tresnitt. Var ei tid sagfilar i dei store skogscampane og vart vidkjend som den snøggaste i lang leid.

Tok ein tur heim i 1912. Gifte seg, tok farsgarden og freista seg som gardbrukar. Men han hadde rike gjevnader, og dei peika ei onnor leid. Dei let han aldri få ro. Sprengde på og vilde finna den rette form. Han tok til som kunstmålar. Skreiv til Nikolai Astrup og fekk brev frå han. Han slutta med garden. Låg ut på Langvasstranda og i Trollebotna og måla. Det var ikkje så greidt såleis med ein gong å livberge seg på den måten. I 1916 fór han til U.S. att, med kona og ei lita dotter. Sidan fekk han også ein son. Dreiv med ymse arbeid som snikkar, bygningsmann og målar. I California bygde han eit hus i norsk stil for ei framståande kunstnarinna. Bilete av det huset kom i ein av dei fine illustrerte journalane der.

Sidan tok han til med treskjering. Same kva han tok til med, så vart han ein meister. Han har no i mange år skore ut mykje stas for kyrkjor i nordvest-Amerikas stater. Sers nemner eg eit stort arbeid for Domkyrkja i Spokane, Wash. Men han har også arbeid for andre institusjonar og private. Såleis har han modellert ein «kraftfigur» åt den store hallen i eit stort studentarhus ved universitetet i Seattle.

Det vilde ta stor spalteplass, skulde eg nemne alt han har gjort. Eg samlar det i få ord på denne måten: «Han gjerer verk som varar til verdi øydest».

No har han sitt eige hus med verkstad og garage i Seattle.

Ja, der var framtak i den karen. Ein framståande kunstnar, ein venesæl mann, eit rikt utrusta menneske.

— Då Roald Amundsen kom att frå Sudpolen, skulde ein framståande engelskmann halda ein tale for han. Engelskmannen slo fram på at igrunnen var det hundane å takke at Amundsen nådde polen og kom seg heimatt. Skulde han ha sagt noko om Ole Sunde, vilde det vel vorte det, at han hadde fått tak i ein sers god kniv.

Eg segjer: Gakk avstad, finn dykk ein sodan kniv, alle som kan!

Ole Sunde var heime ein tur for to år sidan. Vonleg kjem han snart att. Han elsker Norge, og han er til heider for nordmenn i Amerika, for si heimbygd og sitt fødeland.

